



Statens vegvesen

Hans Magnar Aarland

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/186344-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
17.02.2017

Uttale – Fv. 401 – Søknad om utvida bruk av avkøyrsløse – Gnr. 176 bnr. 3 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad om utvida bruk av avkøyrsløse mottatt 06.12.2016. Vi var på synfaring på staden 10.02.2017.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om å oppføre kårbusstad på gnr. 176 bnr. 3 i Lindås kommune. Arealet er avsett til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF) jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Vi legg til grunn at tiltaket treng dispensasjon frå arealføremålet.

Opplysning om saksgang:

Før Statens vegvesen handsamar søknaden etter veglova skal tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Søknad om kårbusstad må i første omgang behandlast av Lindås kommune. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ei uttale i denne saka.

Uttale:

Det er søkt oppføring av kårbusstad på gnr. 176 bnr. 3 i Lindås kommune. Tiltaket krev løyve etter veglova til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse frå fv. 401.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk er 400. Vegstrekninga er klassifisert til «Haldningsklasse 4» jf. *Rammeplan for avkøyrsløse og byggjegrense langs riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)*. Dette betyr at strekninga har funksjon som lokalveg og at ein vanlegvis gjev løyve til utvida bruk av avkøyrsløse dersom dei tekniske krav til utforming er innfridd.

Statens vegvesen behandla ein liknande sak om utvida bruk av avkøyrslø på same eigedom i 2015. Vi gav den gong uttale om at det vil vere teknisk mogleg å utbetre avkøyrslø i samsvar med dagens krav. Det er særleg helling i avkøyrslø, svingradius og sikt som må utbetrast.

Vidare saksgang:

Dette brevet skal leggst ved søknad om dispensasjon som sendast til Lindås kommune. Dersom kommunen vel å dispensasjon til ny kårbuslad på eigedomen må det sendast inn ny søknad. Vi vil då behandle søknaden etter veglova. Det kan påreknast bruksløyve dersom dei tekniske krava vi stiller vert innfridd.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ